

Vi inviterer til frukostmøte

## ***Ytringsfridom eller lojalitet – kva veg tyngst?*** ***Seminar om varslingsinstituttets status i forvaltninga***

- Kva for prinsipielle politiske og normative spørsmål reiser denne debatten, og kvar går utviklinga?
- I kva grad avdekkjer offentleg tilsette alvorlege, kritikkverdige forhold? Kva gjer dei med det, og kva skjer med sakene og dei som varslar?
- Omsynet til stat og forvaltning; når er det legitimt å avgrense den offentleg tilsette sin ytringsfridom? Korleis er rettsutviklinga på området?

**Tid:** Måndag 26. september 2016, kl. 08:30–10:30 **Stad:** Akersgata 64–68 Oslo, aud. Hovedbølet

**Påmelding:** [partnerforum.uio.no](http://partnerforum.uio.no)

### **Program**

08:00 Registrering og frukostservering

08:30 Velkommen ved Partnerforums sekretariat

08:30 *Ytringsfrihet eller lojalitet: en evig motsetning eller dynamisk relasjon?*

**Tore Slaatta**, professor og generalsekretær i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening

08:45 *Den krevende ytringsfriheten – betraktninger om lojalitetsplikt og identifikasjonsfaren*

**Aage Thor Falkanger**, sivilombodsmann

09:05 *Når offentlig ansatte varsler* **Brita Bjørkelo**, Politihøgskulen

09:20 *Grunnloven, ytringsfriheten og varslervernet – hva nå?* **Anine Kierulf**, forskar, UiO

09:45 Diskusjon og spørsmål med salen leidd av Tore Slaatta

Ca. 10:30 Slutt

### **Om seminaret**

Ytringsfridomen i samfunnet er kommen under press, vert det rapportert frå forskarhald, og forholdet mellom staten, som byråkrati og organisasjon på den eine sida, og statleg tilsette som arbeidstakarar og medborgarar på den andre, ser også ut til å spisse seg til.

Seminaret tar utgangspunkt i regjeringa sitt forslag til nye varslingsreglar og ein debatt som går om varsling og ytringsfridom i offentleg forvaltning.

- Kva for ein samfunnskontekst bør vi forstå dette i?
- Kva erfaringar har vi her i landet med offentleg tilsette som varslar?
- Korleis må det rettslege vernet for ytringsfridom og varsling utviklast vidare?

### **Om innleiingane**

**Tore Slaatta:** Staten skal styrast, og forvaltninga skal etterleve politiske avgjerder og krav til effektivitet og rasjonalitet. Men forvaltninga skal også vere transparent, open og muleg å kontrollere for andre enn dei som styrer henne. Når samfunnet vert meir komplekst, veks også presset på den enkelte sin lojalitet. Det innleiande foredraget søkjer å setje problemstillinga inn i ei brei samfunnsforståing og presenterer dei andre innleiarane i panelet.

**Aage Thor Falkangers** foredrag tar utgangspunkt i klagesaker til ombodsmannen og i ei sak av eige tiltak om offentleg tilsette sin ytringsfridom. Lenke til denne saka er her:



<https://www.sivilombudsmannen.no/ytringsfrihet-for-offentlig-tilsatte/undersokelse-av-eget-tiltak-offentlig-ansattes-ytringsfrihet-article4165-452.html>

Sivilombudsmannen har samla alle fråsegnene om offentlig tilsette sin ytringsfriedom her:

<https://www.sivilombudsmannen.no/ytringsfrihet-for-offentlig-tilsatte/category452.html>

**Brita Bjørkelo:** I kva grad avdekkjer offentlig tilsette alvorlege kritikkverdige forhold? Kva gjer dei med det og kva skjer med saka og den som varslar? Det er sentrale spørsmål som vert diskuterte i innlegget.

**Anine Kierulfs** foredrag gir ei oversikt over forholdet mellom ytringsfriedom og lojalitetsplikta, og ser på regjeringa sitt ferske framlegg til endring av varslingsreglane i arbeidsmiljølova i dette lyset.

## Om innleiarane

**Tore Slaatta** er professor (dr. polit.) og generalsekretær i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Han leidde medieforskninga i Makt- og demokratiutredningen og har i mange år vore professor ved UiO. Han har spesielt arbeidd med ytringsfriedom i eit forskningssamarbeid mellom blant andre Institutt for samfunnsforskning, FAFO og Institutt for media og kommunikasjon ved UiO.

**Aage Thor Falkanger** er dr. juris. og tidlegare professor ved Universitetet i Tromsø. Han har vore dommar i Noregs Høgsterett frå 2010 og har no permisjon frå stillinga der medan han er sivilombudsmann. Han vart vald til sivilombudsmann av Stortinget i 2014.

**Brita Bjørkelo** er førsteamanuensis ved Politihøgskolen i Oslo. Tidlegare har ho vore tilsett ved Det psykologiske fakultetet på Universitetet i Bergen. Kompetanseområda hennar er leiing, arbeids- og organisasjonspsykologi og profesjonsutdanning. Ho har forska på temaet "varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen".

**Anine Kierulf** er PhD, forskar på ytringsfriedom, konstitusjonell rett og domstolar, ved Norsk senter for menneskerettar, UiO. Ho har tidlegare vore rådgivar i ytringsfriedomsspørsmål for Europarådet, dommarfullmektig ved Ringerike tingrett og senioradvokat i advokatfirmaet Schjødt.

## Relaterte lenker

Embetsmannsrollen er ein leivning frå fortida, vert det hevda ([http://stavrum.blogg.no/1452077189\\_statlig\\_ansatte.html](http://stavrum.blogg.no/1452077189_statlig_ansatte.html)),

NTL; om dei tilsette sin ytringsfriedom i faglege spørsmål: [https://www.ntl.no/nyheter?p\\_document\\_id=132859](https://www.ntl.no/nyheter?p_document_id=132859),

Arbeidsmiljøsenderet: 'Ytringsfrihet bør finne sted': <http://www.arbeidsmiljo.no/ytringsfrihet-bor-finne-sted/>

[Partnerforum](#) er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI og statlege verksemdar. Vi er 23 partnarar som samarbeider om å lage arrangement om tema som er aktuelle for statsforvaltninga og det breie, offentlege rom. Partnerforum lagar årleg ca. 11 fellesarrangement og eitt seminar for kvar partnar. I fjor bidrog 80 innleiarar for 2000 deltakarar på 20 arrangement.

